

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

Korrigert MØTEBOK

Møte nr.04/16

Dato: 20.09.2016 kl. 13.00- 14.30

Stad: Kommunehuset, formannskapssalen

Til stades:

Knut H. Nomeland, leiar
Kent M. Lund, nestleiar
Gyro K. Uppstad
Kjell Ove Tveiten

Ann Christin Jacob hadde forfall (1. vara kunne ikkje møte).

Dessutan møtte:

Ordførar Steinar Kyrvestad
Revisor Anne Helene Grunni-Hellestrand
Revisor Tommy Pytten
Utvalssekretær Kjell Ivar Hommen

Det var ingen merknader til innkalling og sakslista.

SAKSLISTE:

SAK 09/16 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2017
SAK 10/16 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL

Drøftingssak: Sjå vedlegg frå Bjørgulv N. Berg

Referatsaker:

R 09/16 Engasjementsbrev frå Agder Kommunerevisjon IKS
R 10/16 Møtebok styremøte Agder Sekretariat
R 11/16 Pilotprosjekt
R 12/16 Brev frå Kjell Ove Tveiten

Fast post: Revisor orienterer

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Eventuelt
Valle, 20.09 2016

Godkjenning av møteboka:

Knut H. Nomeland

Kent M. Lund

Kjell Ove Tveiten

Gyro K. Uppstad

Utskrift vert sendt til: Kontrollutvalets medlemmer og varamedlemmer, ordfører, rådmann, revisor, Gunn Marith Homme og Setesdølen

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Møtebok 20. september 2016

Valle kontrollutval

SAK 09/16 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2017

Samrøystes vedtak:

- 1. Kontrollutvalet tilrår ein budsjetttramme for kontroll og tilsyn for 2017 på kr.804.000.**
- 2. Kontrollutvalet sitt vedtak skal i medhald av § 18 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.**

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 09/16 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2017

Vedlegg:

1. Agder Sekretariat, styret – sak 05/16
2. Agder Kommunerevisjon IKS, delbudsjett for Valle kommune

Bakgrunn for saken:

Kontrollutvalet skal etter § 18 i forskrift om kontrollutval utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. I merknadene heiter det at budsjettet skal omfatte både kontrollutvalets og revisjonens samla verksemd.

Kontrollutvalssekretariatets budsjettframlegg

Driftstilskotet skal dekke den normale aktiviteten i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, samt arkivhald med meir. Styret i Agder Sekretariat handsama budsjettet i møte 1. september 2016 og legg i sitt budsjett opp til at driftstilskotet frå kvar av eigarkommunane aukar frå kr 120.000 i 2016 til kr 123.000 for 2017.

Kommunerevisjonen sitt budsjettframlegg

Sekretariatet har motteke delbudsjett for 2017 frå Agder Kommunerevisjon IKS. Tilskotet til revisjonen utgjer kr 590.000, som er ein auke med 1,9% frå året før.

Kontrollutvalet sine utgifter

Ifølge forskrifta skal utgifter til kontrollutvalets samla verksemd være ein del av budsjettet for kontroll og tilsyn. Som tidligare er det en eigen post i budsjettframlegget til dekning av utvalet sine utgifter. Dette gjelder bl.a. møtegodtgjering, reiseutgifter, kurs mm.

Budsjettframlegget:

Det framlagde budsjettframlegg for kontroll og tilsyn bygger på

- Førre års budsjetttramme
- Delbudsjett for Agder Kommunerevisjon IKS for 2017
- Vedteke budsjett for Agder Sekretariat for 2017

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

	Budsjettframlegg 2017	Vedteke budsjett 2016	Vedteke budsjett 2015
Tilskot til revisjonsdistrikt	Kr. 590 000	Kr. 578 916	Kr. 585 043
Lut av sekretariatstenester	Kr. 123 000	Kr. 120 000	Kr. 117 000
Kontrollutvalet sine utgifter :			
Møtegodtgjersle m.m	Kr 21.000	Kr 21 000	Kr 21.000
Kurs og andre utg.	Kr 20.000	Kr 20 000	Kr 20.000
Andre konsulenttenester	Kr 50.000	Kr 50 000	Kr 50 000
Totalbudsjett	Kr 804 000	Kr 789 916	Kr 793 043

Framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet tilrår ein budsjetttramme for kontroll og tilsyn for 2017 på **kr.804.000.**
2. Kontrollutvalet sitt vedtak skal i medhald av § 18 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

SAK 10/16 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner ”Plan for selskapskontroll i Valle kommune.

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å prioritere kva for selskap som det skal gjerast selskapskontroll i, til å definere omfanget og innhaldet i selskapskontrollen (eigarskapskontroll og/eller forvaltningsrevisjon) og til å foreta endringar i prioritering mellom dei aktuelle selskapa og eventuelt prioritere nye selskap dersom særskilde tilhøve skulle tilseia det.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 10/16 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL

Vedlegg:

1. Framlegg til Plan for selskapskontroll datert september 2016.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Bakgrunn:

Kva er selskapskontroll?

Etter endringar i kommuneloven og tilhøyrande forskrifter med verknad frå 1.7.2004, er kontroll og tilsyn med kommunalt eide selskap ei prioritert oppgåve, og det er tatt inn egne bestemmingar om selskapskontroll, jf. kommuneloven § 77 nr. 5 og § 80. Selskapskontrollen består av ein obligatorisk del som går ut på å føre tilsyn med forvaltninga av eigarinteressene i selskapet (eigarskapskontroll), og en frivillig del, som medfører at det også kan gjennomførast forvaltningsrevisjon når kontrollutvalet eller kommunestyret finner det nødvendig eller ønskelig.

Selskapskontroll skal gjennomførast på bakgrunn av plan for selskapskontroll, som skal vedtakast av kommunestyret minst en gang i løpet av valperioden.

Kva for selskap er omfatta av selskapskontroll?

Kommunelovens § 80 greier ut i kva for selskap som selskapskontroll kan utføres, og på kva måte selskapskontrollen kan gjennomførast på. Selskapskontroll kan *berre* gjennomførast der kommunen/fylkeskommunen aleine, eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunen eig selskapet *fullt ut*, og i heileigde dotterselskap til slike selskap.

Med selskap meinast interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap (AS) og § 27 selskap.

Føremålet med selskapskontroll

Kommunen ynskjer å ivareta følgjande formål med selskapskontrollen:

1. Sikre at de regler som gjelder innafor vedkommande organisasjonsform og verksemdområde vert etterlevd i dei verksemdar som fell inn under den lov- og forskriftspålagte selskapskontrollen. Forutan etterleving av selskapslovgevinga er det særlig naudsynt å sikre at Lov om offentlige anskaffingar vert halden. Vidare er arbeidsmiljø- og miljøvernlovgevinga sine regler i verksemdar som er kommunalt eid, eit viktig kontrollaspekt.
2. Kontrollere om den som gjennomfører kommunens eigarinteresse gjennomfører myndigheita på den måten som er fastsett i den aktuelle verksemdlova og tek vare på kommunens interesser og kommunestyrets vedtak og føresetnader omkring forvaltninga av eigarinteressene (eigerskapskontroll)
3. Skape ein bevisstheit om kva kommunen ynskjer å oppnå med å etablere verksemdar, eller med å erverve eller eige luter i verksemdar, aleine eller saman med andre eigarar/ deltakarar
4. Vurdere økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader i dei selskap kor dette særskilt vert vedteke(forvaltningsrevisjon)

En del av kontrollen vil i første omgang være å sjå etter at kommunen har rutinar for å følgje opp eigarinteressene ved at det vert gjort kontroll. Det ligg ikkje i selskapskontrollen å foreta kontroll med forretningsmessige disposisjonar då dette faller inn under styrets ansvar.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Setesdal Revisjonsdistrikt IKS har utarbeida framlegget til Plan for selskapskontroll for Valle kommune.

Konklusjon:

Det har vore praksis at det er kontorkommunen som tar ansvaret for å gjennomføre selskapskontroll.

Kostnadene ved gjennomføringa av kontrollane vert fordelt etter kor stor eigedel den einskilde kommune har i selskapet.

Det vert i framlegget til Plan for selskapskontroll for Valle kommune vist til dei selskapa som det er anbefalt å gjennomføre selskapskontroll i.

Desse er: (ikkje prioritert rekkefylgje)

- Aust-Agder museum og Arkiv IKS
- Konesjonskraft IKS
- Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS
- Setesdal Brannvesen IKS
- Setesdal IKT

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner ”Plan for selskapskontroll i Valle kommune.

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å prioritere kva for selskap som det skal gjerast selskapskontroll i, til å definere omfanget og innhaldet i selskapskontrollen (eigarskapskontroll og/eller forvaltningsrevisjon) og til å foreta endringar i prioritering mellom dei aktuelle selskapa og eventuelt prioritere nye selskap dersom særskilde tilhøve skulle tilseia det.

Drøftingssak: NY SAK 11/16 PROSJEKTPLAN

Kontrollutvalet har motteke 2 brev frå Bjørgulv N. Berg, datert 31.07.2016 der han bed kontrollutvalet undersøke om grunnlaget for omklassifisering av dyrka- og overflatedyrka jord på gnr. 50, bnr. 6 i Valle. Etter omklassifiseringa fekk eigedomen under 25 da dyrka- og overflatedyrka jord, noko som medførte at det ikkje lengre er konsesjonsplikt på eigedomen i samband med sal.

Denne informasjonen vart drøfta i møtet, og det vart gjort slikt

samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil be Agder Kommunerevisjon IKS om ein prosjektplan for prosjektet: «Sakshandsaming og retningslinjer i samband med omklassifisering av landbrukseigedomen Åmli, gnr. 50, bnr.6 i Valle kommune, sett i høve til kommunale retningslinjer, lover og forskrifter.»

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Referatsaker

Desse sakene vart referert og teken til orientering:

R 09/16 Engasjementsbrev frå Agder Kommunerevisjon IKS

R10/16 Møtebok frå styret i Agder Sekretariat

R 11/16 Pilotprosjekt

R 12/16 Brev frå Kjell Ove Tveiten. Brevet er sendt til revisjonen som innspel til Overordna analyse.

Fast post: Revisor orienterer

Eventuelt

Ein vil invitere rådmannen til neste møte for å orientere om arbeidet med årsrekneskapen for 2016.

Etter møteplanen er neste møte i kontrollutvalet 15. november 2016